

Fartøy	Søklar / eigar	Beskriving i søknad	Kostnad	Søknad	Tildelt	Grunngjeving
1. MS Midthordland	DET MIDTHORDLANDSKE	Årlege driftsutgifter som går på å sertifisere utstyr og personell, samt støtte krav i ny verneforskrift mm.	312 950,0	150 000,0	80 000,0	Passasjerfartøy har høge krav m.o.t sertifisering av tryggleiksutstyr. Søknaden er nøktern og eigendelen er sett høgt.
2. MS Vestgar	ØYGARDSBÅTANE AS	Brannkontroll, sertifisering av utstyr t.d. flåtar, kjøp av ny 50 manns flåte, forsikring mm.	250 800,0	100 000,0	50 000,0	Vedlikehald, sertifisering og oppgradering av tryggleiksutstyr på passasjerfartøy må prioriterast høgt. Nøktern søknad med høg eigendel.
3. MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	Årleg inspeksjon og servicekrav, leige av redningsflåtar, pålegg om nytt kommunikasjonsutstyr mm.	141 968,0	100 000,0	60 000,0	Passasjerfartøy med sertifikat til å føre 100 passasjerar, og må fylgjeleg ha tilsvarende kapasitet på redningsutstyr og kommunikasjon.
4. MF Skånevik	FERJELAGET SKÅNEVIK	Utbetring av tryggleiksutstyr som redningsflåtar og brannsløkkingsutstyr.	900 000,0	690 000,0	130 000,0	Skånevik er eit av dei fire freda fartøya i Hordaland. Regulær rutefart i sommarsesongen gjev inntekt, men og større slitasje på fartøy og utstyr.
5. MS Sunnhordland	HSD SUNNHORDLAND AS	Oppgradering av el.anlegget i maskinen, ny radar / kart-maskin, utstyr til formidling mm.	1 248 000,0	875 000,0	175 000,0	Stort passasjerfartøy med kapasitet til 180 passasjerar. Dei nemnde tiltaka er alle viktige for å kunne drifte fartøyet og dei er støtteverdige. Søknadssummen speglar ei høgare forventning enn årets ramme for tilskot kan imøtekomme.
6. DS Stord I	STIFTELSEN D/S STORD I	Årlege utgifter som forsikring, sertifisering av redn. utstyr, tryggleikskostnader, mønstringskostnader, opplæringspakke mm.	750 000,0	350 000,0	225 000,0	Passasjerfartøy og største dampdrivne fartøyet i Hordaland. Utgiftsnivået syner ein stor eigendel i høve til søknadssummen. Alle dei nemnde tiltaka er støtteverdige.
7. SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger- og Voss Museum	Sertifisering av flåtar og anna tryggleiksutstyr, forsikring mm.	1 830 000,0	200 000,0	100 000,0	SJ Mathilde vert mykje brukt til turar med born og unge. Det betyr fokus på tryggleiksutstyret, men og ettersyn og vedlikehald av rigg/segl, noko som syner att i kostnadsbiletet.

8. MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	Kostnader knytt til ny navigasjonspakke, strøm, boss mm, tryggleikskurs og helseattestar, olje og reservedeler.	420 000,0	250 000,0	60 000,0	Vulcanus er eit spesialfartøy, som er sertifisert for, og kan utføre slepeoppdrag, men har og passasjersertifikat for 12 personar. Drift av slike fartøy er utfordrande, då feltet for inntening er noko avgrensa.
9. DS Oster	NORDHORDLAND VETERANBÅTLAG	Periodisk ettersyn, brannsikring, sikring av naudsynd forbruksmateriell og reservedelar til fartøyet, drivstoff / bunkers, mm.	841 000,0	350 000,0	120 000,0	Dampdrive passasjerfartøy som er drive av eit veteranbåtlag. Det er bokført høg kostnad i høve til ein nøktern søknadssum.
10. MS Hamen	Arne Øystein Holm	Adm.kostnader, forsikring, nytt lenseystem, tilrettelegge for meir effektiv dugnadsinnsats mm.	275 000,0	80 000,0	0	Fartøyet ligg på Hurum (Buskerud) og har soleis ikkje heimeadresse i Hordaland. Fartøyet har heller ikkje mesteparten av seglingstida si Hordaland, då fartøyet ikkje er i regulær drift. Avslag.
11. MF Hardangerfjord	Brita Flornes (for Hardangerfjords venner)	Strøm, kaileige mm.	50 000,0	35 000,0	0	Fartøyet er ikkje i regulær drift med påfølgjande driftskostnader. Avslag.
				3 390 000	1 000 000	